

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Utval for drift, utvikling og kultur	24.11.2014	074/14	HOS
Kommunestyret	17.12.2014	093/14	HOS

Avgjerd av: Saksansv.: Harald Olav Stuhaug	Arkiv: Gnr.Bnr- Objekt:	Arkivsaknr 14/1460
-------------------------------------------------------------	------------------------------------------	------------------------------

HØRING AV REGIONAL PLAN OG REGIONALT TILTAKSPROGRAM FOR VANNFORVALTNING I VANNREGION ROGALAND OG VASSREGION HORDALAND 2016-2021

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	01.07.2014	Fylkesrådmannen	HØRING AV REGIONAL PLAN OG REGIONALT TILTAKSPROGRAM FOR VANNFORVALTNING I VANNREGION ROGALAND 2016 - 2021

Saka gjeld:

Høring av Regional plan for vassforvaltning med tiltaksprogram for vassregionane Rogaland og Hordaland (2016-2021).

«Regional plan for vannforvaltning for Vannregion Rogaland 2016-2021» med tilhøyrande tiltaksprogram samt «Regionalplan for vassregion Hordaland» med tilhøyrande tiltaksprogram, ligg no ute til høyring og offentleg ettersyn frå 1. juli til 31. desember 2014.

Sidan Vindafjord kommune har vassressursar som strekker seg inn både i vassregion Hordaland og Rogaland må vi forhalde oss til begge regionane og gi uttale til begge planane.

Som kommune må vi sjå på vassressursane i kommunen samla og ut frå dette vil ein i dokumentet handsame begge planane under eitt. Det vil gjennom dokumentet bli presisert kva vassregion det gjeld.

Saksopplysningar:

Dette dokumentet gir ei kort oppsummering av dei dokumenta som ligg vedlagt:

Skriftleg vedlegg – kart over vassområda
Andre vedlegg (kan hentast frå www.vannportalen.no/rogaland og www.vannportalen.no/hordaland):

Prioriterte vedlegg:
Vedlegg for Vannregion Rogaland:

Høringsbrev, datert 30.6.2014

Regional plan for vannforvaltning i Vannregion Rogaland (2016-2021)

Regionalt tiltaksprogram for Vannregion Rogaland (2016-2021)

Notat: Kortversjon av høringsdokumentene

Vedlegg for vassregion Hordaland:

Høringsbrev, datert 30.6.2014

Regional plan for vassregion Hordaland (2016-2021)

Tiltaksprogram for Vassregion Hordaland (2016-2021)

Andre vedlegg:

Planprogram for Vannregion Rogaland

Vesentlige vannforvaltningsspørsmål for Vannregion Rogaland

Tiltaksanalyse for Haugalandet vannområde

Planprogram for Vassregion Hordaland

Vesentlige vassforvaltningsspørsmål for vassregion Hordaland

Vesentlige vassforvaltningsspørsmål for vassområde Sunnhordland

Lokal tiltaksanalyse for Sunnhordland vassområde

Overvåkingsprogram for vassregion Hordaland

Bakgrunn:


I 2007 vedtok Stortinget "Forskrift om rammer for vannforvaltningen" (vassforskrifta), som implementerer EUs rammedirektiv for vatn i norsk rett. Formålet med vassforskrifta er å gi rammer for fastsetjing av miljømål som skal sikre eit best mogeleg samordna vern og bærekraftig bruk av våre vassressursar. Forskrifta skal sikre at det blir utarbeida og vedteke regionale forvaltningsplanar for vatn, med tilhøyrande tiltaksprogram, for kvar vassregion.

Vassforskrifta deler Norge inn i 11 vassregionar med avrenning til norskekysten, som igjen er delt inn i 106 vassområde. Kvart vassområde er inndelt i vassførekomstar. Vassregion Rogaland er delt inn i 4 vassområde og 1228 vassførekomstar. Vassregion Hordaland er delt inn i 5 vassområde og 1802 vassførekomstar.

Vindafjord kommune er del av Haugalandet vassområde i Rogaland og Sunnhordland vassområde i Hordaland.


Dei to regionalplanane legg fram miljøstatus for vassmiljøet, basert på tilgjengeleg kunnskap. Det er i plandokumenta foreslått tiltak for vassførekomstar i risiko, miljømål for alt vatn, og det er foreslått prioritering av enkelte tiltaksområde og geografiske område.

Standard miljømål etter vassforskrifta er å oppnå minimum «god økologisk og kjemisk tilstand» for alt overflatevatn, og «god kjemisk og kvantitativ tilstand» for grunnvatnet.



Figur 1. Miljømålet for alt vatn er god tilstand.

Arbeidet med vassmiljømåla er delt inn i fasar på 6 år. Første fase går frå 2016 til 2021. Det er lagt opp til to påfølgjande 6-årige planfasar; 2022-2027 og 2028-2033.



Figur 2. Planhjulet for gjennomføring av vassforskrifta. Arbeidet med forbedring av vassmiljøet vil være ein kontinuerleg prosess, oppdelt i 6-årige fasar.

Rogaland og Hordaland fylkeskommunar er vassregionmyndigheit for dei aktuelle vassregionane, og koordinerer planarbeidet etter vassforskrifta. Høyringsdokumenta er utarbeida av Rogaland/Hordaland fylkeskommune i samarbeid med aktuell sektormynde og dei fylkesvise vassområdeutvala.

Vassforvaltningsplanen skal vedtakast av fylkestinget som regional plan etter plan- og bygningsloven § 8-4. Forvaltningsplanen skal leggjast fram for Kongen til godkjenning, jf. plan- og bygningsloven § 8-1 andre ledd. Regionalplanen skal godkjennast seinast innan utgangen av 2015 og skal etter det revurderast og om nødvendig oppdaterast kvart sjette år. Godkjent regional plan skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statlig planlegging og verksemd i vassregionen, jf. plan- og bygningslovens § 8-2.

Regional plan for vassforvaltning i Rogaland og Hordaland:

Planprosessen

Prosessen med å utarbeida ein regional plan for vassforvaltning følgjer tidsfristar fastsett i vassforskrifta. Plandokument blir utarbeida i samsvar med nasjonale malar og rettleiing.

Planprogram

Planprosessen starta opp i 2010 med utarbeiding og fastsetjing av planprogram.

Vesentlige vassforvaltningsspørsmål

Dokumenta «Vesentlige vannforvaltningsspørsmål» vart utarbeida i 2012/2013 i begge vassområda. Målet med dokumenta var å skape grunnlag for brei medverknad og forankring av prioriteringar og utfordringar tidlig i planprosessen. Kommunar og regionale sektormyndigheiter hadde ei særlig viktig rolle for å bidra med innspel, men også interesseorganisasjonar, næringsinteresser, og andre vart invitert til å gi innspel. Med bakgrunn i tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag og mottekne innspel, vart det vurdert å vera 12 vesentlege utfordringar for planprosessen for planperioden;

1. Mogeleg konflikt mellom behovet for auka kraftproduksjon og større grad av miljøomsyn i konsesjonsvilkår
2. Mogeleg konflikt mellom mål om auka matproduksjon og mål om god miljøtilstand i allereie jordbrukspåverka vassdrag

3. Det er behov for meir kunnskap om påverkingar på vassmiljøet og fisk i fjordane og i kystvatn
4. Det er behov for meir kunnskap om omfang av utslepp frå landbruk og avløp
5. Det er behov for auka kunnskap om omfanget av avrenning frå urbane område
6. Det er behov for meir kunnskap om jordsmonn og effekt av landbruksiltak
7. Det kan vera vanskeleg å nå miljømåla i dei mest intensive jordbruksområda
8. Det kan vera vanskeleg å nå måla i dei mest forureina hamne- og fjordområda
9. Det trengs nasjonal og internasjonal handlekraft for å ytterlegare redusere langtransportert forureining (sur nedbør)
10. Det trengs nasjonal og internasjonal handlekraft for å hindre spreieing av framande arter i kystvatn
11. Vatn- og avløpsnett er ikkje tilpasset klimaendringene som kjem
12. Det kan vera vanskeleg å identifisere og iverksetje tiltak i vassførekomstlar med mange kjelder til påverknad

«Vesentlege vannforvaltningsspørsmål» for vassregion Rogaland vart godkjent med følgjande merknad; «Fiskeridirektoratet Region Sør presiserer at de er sektormyndighet etter Akvakulturloven og mener deres sektorinteresser ikke er ivaretatt i dokumentet. Fiskeridirektoratet Region Sør godtar ikke de beskrivelser i dokumentet som gjelder akvakultur og meldte uenighet på dette.» Usemja som kom fram om akvakultur er tatt tak i av sektormyndigheit og vidare kommentert i plandokumenta.

Tiltaksanalysar

Arbeidet med å utarbeida tiltaksanalyse for kvart av vassområda starta opp våren 2013 og vart endeleg ferdig våren 2014. Arbeidet tok ekstra mykje tid grunna ufullstendig klassifisering av vatn og manglande innspel frå fleire sektormyndigheiter.

Vindafjord kommune har gjennom møteverksemd, skriftlege innspel og direkte arbeid med katalogisering av tilstanden til vassførekomstlar hatt ei aktiv rolle i heile planprosessen:

Kunnskapsgrunnlaget

Eksisterande kunnskap om tilstanden til vatnet er henta inn og lagt inn i det nettbaserte nasjonale kartsystemet Vann-Nett. Fylkesmannen har hatt hovudansvar for karakteriserings- og klassifiseringsarbeidet, mens sektormyndigheitene har bidrege med kvalitetssikring. Der ein ikkje har hatt tilgjengeleg overvakingssida, er faglege vurderingar lagt til grunn. Vann-Nett vil vera ein database som blir oppdatert heile tida i takt med at nye data blir lagt inn.

Behov for meir kunnskap, kom klart fram i arbeidet med å karakterisera fjord- og kystområda. For å avklare usemje mellom sektormyndigheitene om miljøstatus og risiko for sjøområda, vart det gjennomført problemkartlegging undervegs i planprosessen. Usemja som kom fram midt i planprosessen (Fiskeridirektoratet Region Sør), viser kor viktig det er å ha eit godt fundamentert kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet.

Dei regionale planane viser at kunnskapsgrunnlaget er for dårleg til å utføra fullstendige vurderingar av tiltaksbehova for veldig mange av vassførekomstane i begge vassregionane. Det er behov for eit betydeleg løft på overvakingssida for å få etablert tilstrekkeleg kunnskap om miljøtilstanden og eventuelt behov for tiltak.

Regional plan og tiltaksprogram for både Rogaland og Hordaland er utarbeida basert på det kunnskapsgrunnlaget som var tilgjengeleg i starten av 2014.

Høyringsutkastet til regional plan og tiltaksprogram

Forslag til regional plan skildrar miljøstatus for vassmiljøet, basert på tilgjengeleg kunnskap. Det er i plandokumenta foreslått miljømål for vassførekomstane, tiltak for vassførekomstlar i risiko og det er føreslått prioriteringar av enkelte tema eller geografiske område.

Det er i plandokumenta for Rogaland peika ut 9 tiltaksområde som bør prioriterast i tiltaksperioden (2016-2021). Under vurderinga frå kommunen seinare i dokumentet vil ein nytta denne malen for begge vassområda:

1. Forsuring
2. Landbrukssektoren
3. Vasskraftreguleringar
4. Habitatforbetrande tiltak
5. Vass- og avløpssektoren
6. Forureina sediment
7. Framande artar i ferskvatn
8. Arealplanlegging
9. Sektorovergripande tiltaksplanar og utredningar

Tilstanden til vassførekomstane i Vindafjord kommune ut frå plandokumenta:

Som det er kommentert i innleiinga er det lite faktagrunnlag for å gjere ei god vurderinga av tilstand til dei forskjellige vassførekomstane, og mange har av denne grunn fått status som risiko/moderat. Plasseringa i risiko/moderat kjem av «føre-var-prinsippet».

Landbruket i kommunen er den viktigaste årsaka til at så mange vassførekomstar kjem i denne kategorien, kombinert med avløp, diffuse utslepp, industri, og fysiske inngrep som verkar inn. Meir kunnskap må hentast inn i første tiltaksperiode (2016-2021).

Tilstanden for vassførekomstar tilhøyrande «Haugaland vannområde»:

Vikedalselva er verna (1986). Åmselva, Rødneelva og Vikedalselva er lakseførande medan Vestbøelva er registrert i lakseregisteret utan bestand.

Sidene 109-112 i tiltaksprogram Rogaland

Dei vassførekomstane som ut frå dagens faktagrunnlag har størst utfordringar, er Skjoldafjorden (moderat)/Grindafjorden (svært dårleg) og Vatsvassdraget med Landavatnet (svært dårleg miljøtilstand).

Ser vi på Bekkefelt Skjoldafjorden, Bekkefelt Vatsvatnet, Åmselva, Vestbøelva, Vikedalselva, Bekkefelt Vikedal nedre og Ølmedalselva kjem dei i kategori «moderat» og med behov for problemkartlegging.

Rødneelva - kalka strekning, Vatsvatnet, Skjoldafjorden og Vatsfjorden kjem i kategori «moderat» med behov for tiltaksovervaking.

Fjellgardsvatnet og Vindafjorden kjem i kategori «moderat» og «svært god» med behov for basisovervaking.

Vatsfjorden og Skjoldafjorden/Grindafjorden er peika ut som fjordar som har spesielle behov for meir utgreiing før ei sikker fastsetjing av behov for eventuelle tiltak.

Skjoldafjorden/Grindafjorden og Landavatnet er sett opp med utsett frist til 2027 for «god økologisk tilstand».

Tilstanden for vassførekomstar tilhøyrande «Sunnhordland vassområde»:

Sidene 94-101 i tiltaksprogram Hordaland

Ølsfjorden er registrert som nasjonal laksefjord. Fjorden er i dag registret med «dårleg» økologisk tilstand og som «oppnår ikkje god» kjemisk tilstand.

Av dei andre vassførekomstane er både Oselva og Oselva sine sidebekker definert som «Svært dårleg» økologisk tilstand.

Dei andre vassførekomstane i kommunen som kjem under Sunnhordland vassområde, Svendsbøelva, Dalselva, Ålfjorden Bekkefelt, Vikelva, Vikelva tilløpsbekker, Ølsvågelva og Ølsfjorden bekkfelt kjem i gruppa «moderat» tilstand. Alle er sett opp med mål om «god økologisk tilstand» i 2021.

Vurdering:

I høyringsbrevna har aktuell vassregionmyndigheit konkretisert kva dei spesielt ynskjer innspel på;

- Er det foreslått rett miljømål og tiltak?
- Er det samsvar mellom forslag til miljømål og tiltak?
- Er det forslag til andre miljømål eller tiltak?
- Kva tiltak, tema og geografiske område bør bli prioritert?
- Er det viktig eksisterande kunnskap og tiltak som ikke er med?
- Er det konsekvensar av planforslaget som ikkje er belyst?

Generelle utfordringar for dei fleste vassførekomstane er avrenning frå landbruk og diverse punktutslepp frå kloakk med meir. Vatsvassdraget (Vatsfjorden) og Skjoldafjorden som terskelfjordar gir ekstra utfordringar. Spesielle utfordringar er også knytt til Landavatnet med lite gjennomstrøyming og opphoping av næringsstoff. For Vatsfjorden og Sandeidfjorden er industriverksemd med og gir ekstra usikkerhet (AF-Decom og Nortura). AF-Decom har utsleppsløyve frå Miljødirektoratet og Nortura frå Fylkesmannen.

For å betra kunnskapsgrunnlaget for ein del av vassførekomstane har Fylkesmannen i Rogaland hausten 2014 tatt prøvar av fylgjande vassførekomstar knytt til «Haugaland vannområde»: Bekkefelt Skjoldafjorden, Bekkefelt Vatsvatnet, Åmselva, Vestbøelva, Vikedalselva og Bekkefelt Vikedal nedre. Rapport skal vera klar i mai 2015 og kan gi noko meir fakta om desse vassførekomstane.

Tilhøva i Ølsfjorden, med mykje gamal og nyare industri i tillegg til landbruk og kloakk, er ein utfordring. Det er usikkert kor mykje som framleis ligg i sediment frå tidlegare tider, og det er utfordringar rundt dagens totale utslepp. Ein del undersøkingar er utført, men meir må gjerast for fastsetjing av framtidige behov for reinsing. Forskjellige instansar har her ansvar. Miljødirektoratet gir løyve til utslepp frå Granberg Garveri, Fylkesmannen gir løyve til utslepp frå Fatland Slakteri, Westcon og om naudsynt Ølen Betong. Kommunen har ansvar for kloakkutslepp. Her må mange koordinere arbeidet sitt.

Med utgangspunkt i dei 9 tiltaksområda vist til tidlegare i dokumentet, vurderer rådmannen her dei punkta som blir vurdert som viktigast å prioritere for Vindafjord kommune:

1. Forsuring

Dette er ikkje ei stor utfordring i dag i vårt område. Dei lakseførande elvane med behov for kalking har hatt dette godt innarbeida over lang tid. Dette vil halde fram så lenge det er behov og vil ikkje bli kommentert vidare i dokumentet. Kommunen er med i eit program for pH-overvaking i regi av Fylkesmanen i Rogaland.

2. Landbrukssektoren

Vindafjord er ein av dei største landbrukskommunane i Noreg ut frå talet på husdyr. Dette viser også igjen i mykje husdyrgjødsel som skal handterast med omsyn til lager og spreining. Mykje av dei dyrka areala ligg også naturleg nok inn mot dei vassførekomstane vi har. Dagens gjødsel forskrift er under revidering og kan utløyse behov for større spreieareal for det dyrehaldet vi har i kommunen.

For denne sektoren er det allereie i gang fleire friviljuge tiltak med støtte gjennom statlege støtteordningar. Miljøvennleg gjødselspreiing er innført i heile kommunen, saman med krav om ugjødsla randsone til vassdrag, og støtte til reinseparkar og fangdammar.

Vatssvassdraget har gjennom fleire år hatt eit spesielt fokus frå kommunen si side, dei siste 3 åra med eit eige prosjekt. Det er her innført ei ordning med friviljuge miljøavtalar for redusert og balansert fosforgjødsling. Over 20 bønder er med på ordninga i dag. Dette var i utgangspunktet avtalar for 3 år, men dei er no blitt forlenga på ubestemt tid. Det blir også gitt særskilt støtte til bygging av større gjødsellager rundt vassdraget. Elles er ordningane som gjeld for heile kommunen sjølv sagt også gjeldande her. Det vil fortsatt vera viktig med ekstra fokus på Vatsvassdraget og vidare prosjektmidlar inn i dette arbeidet bør prioriterast.

Generelt er det viktig å motivere vidare slik at fleire av bøndene i kommunen nyttar seg av dei friviljuge ordningane som eksisterer. Så lenge staten her gir økonomisk støtte til desse tiltaka er dette ei «rimeleg» løysing for kommunen.

Andre tiltak:

Andre aktuelle tiltak framover kan vera å gjera ei fysisk miljøkartlegging av alle gardsbruk i kommunen for å identifisere eventuelle utslepp og diffuse lekkasjar frå bruka. Dette er arbeidskrevjande og kan opplevast negativt frå den som skal bli undersøkt. Dette må i tilfellet også samkøyrast med registrering av punktutslepp og diffuse utslepp frå kloakk og industri i dei same områda.

Det er i dag krav om eit belte med kantvegetasjon mot vassdrag. Det kan vera behov for strengar handheving av dette i dei mest utsette områda i kommunen (f.eks. Vatsvassdraget). Kommunen kan her velje å gå inn med lokal forskrift om naudsynt for å få til breiare ugjødsla randsone/kantvegetasjon og eventuelt tidspunkt for spreiiing av husdyrgjødsel, dersom ein ikkje oppnår dei naudsynte resultata med friviljuge tiltak. Dette siste vil kunna få store konsekvensar for enkeltbønder og vil oppfattast negativt sjølv med økonomisk kompensasjon.

3. Vasskraftreguleringar

Vindafjord kommune har etter kvart ein god del mindre vasskraftverk. Dei er planlagt og har fått godkjenning i nyare tid og miljøomsyn er tilfredsstillande. Ut frå det er ikkje dette eit prioritert område for kommunen.

4. Habitatforbetrande tiltak

Ikkje prioritert.

5. Vatn- og avløpssektoren

Vindafjord kommune arbeider aktivt for godt drikkevatt til alle deler av kommunen (private vassverk for Ølen, Ølensvåg, Bjoa og Vikebygd og har eit høgt fokus på avløp. Med ein kommune med spreidd busetnad er det i fleire deler av kommunen ikkje tilgang til kommunal kloakk. Dette fører med seg mange enkeltutslepp til både elvar og vatn. Tilstand på private anlegg og storleik på utslepp frå punktutslepp er uklart. Det er av denne grunn også usikkert kor mykje dette påverkar vasskvaliteten i vassførekomstane.

Ølsfjorden med kombinasjonen industriutslepp og offentleg kloakk er vurdert som den største utfordringa i første omgang. Det er også fokus på Vatsvassdraget (kloakk og diffuse utslepp) og Vatsfjorden med industriverksemd til fjorden.

For Ølsfjorden må ein i første omgang få ei fullstendig oversikt over tilstanden i fjorden. Dette er komplisert sidan ein her har å gjera med fleire store industriverksemdar og med fleire offentlege instansar som sit med kvart sitt delansvar. Store bedrifter som Granberg Garveri, Westcon og Fatland Slakteri har betydelege utslepp. Løyve er gitt frå Miljødirektoratet for Granberg Garveri og Fylkesmannen for Westcon og Fatland Slakteri. Kommunen har fleire utslepp for offentleg kloakk til fjorden.

Ein er her avhengig av at alle instansane arbeider saman og får til ei komplett resipientundersøking for fjorden. Dette bør gjerast før vidare arbeid blir utført. Til dette arbeidet bør det inn offentlege midlar. Det bør også setjast i verk eit kontinuerleg overvåkingsprogram for fjorden ut frå den kompleksiteten fjorden representerer.

6. *Forureina sediment*

Ølsfjorden og Vatsfjorden kan ha utfordringar knytt til forureina sediment.

Det vart i 2011 gjennomført sedimentundersøking i influensområdet til Westcon I Ølsfjorden. Det vart her påvist konsentrasjonar av TBA, bly, koppar og PAH-forbindelsar i kaiområdet/kaikanten. Det bør gjerast meir undersøkingar i større deler av fjorden for sikker stadfesting av problemstillinga.

For Vatsfjorden har AF-Decom pålegg frå Miljødirektoratet om eit overvåkingsprogram som ein forutset vil vera tilstrekkeleg til å ha oversikt over eventuelle utfordringar og behov for tiltak framover.

7. *Framande artar i ferskvatn*

Ikkje prioritert

8. *Arealplanlegging*

Kommunen planlegg ut frå eit våtare og meir uføreseieleg klima framover.

9. *Sektorovergripande tiltaksplaner og utredningar*

Viser her til punkt 5 og 6 og Ølsfjorden.

Ut frå desse vurderingane held vi fram følgjande fokusområde for Vindafjord kommune (prioritert rekkefølge):

- Ølsfjorden med forureina sediment og private og offentlege utslepp.
- Vatsvassdraget med forureining frå landbruk og kloakk/diffuse utslepp.
- Landbruksforureining i heile kommunen.
- Kloakk og diffuse utslepp i heile kommunen.

Vatsfjorden har eit aktivt overvåkingsprogram gjennom pålegg til AF-Decom. Ut frå dette meiner ein å ha god kontroll på tilstanden for fjorden.

Forslag til endringar i regionalplanane for vassforvaltning:

Ut frå den kunnskapen som har vore tilgjengeleg under arbeidet med dei aktuelle planane rår det fortsatt mykje usikkerhet om tilstanden til dei fleste vassførekomstane i kommunen. Dette gjer det vanskeleg å sikre at ein oppnår ynskt vasskvalitet som definert innan utgangen av første planperiode.

For nokre få vassførekomstar ynskjer ein å utsetje fristen for å oppnå god tilstand til slutten av andre planperiode, 2027. Dette grunna stor usikkerhet om tilstand og aktuelle tiltak for vassførekomstane. To vassførekomstar bør også få endra miljøstatus ut frå tilgjengeleg kunnskap:

Vassførekomstar tilhøyrande «Haugaland vannområde»:

Skjoldafjorden/Grindafjorden og Landavatnet er sett opp med utsett frist til 2027 for «god økologisk tilstand», Vatsfjorden og Vatsvatnet bør ha same utsette frist til 2027.

Vassførekomstar tilhøyrande Sunnhordland vassområde:

Oselva og Oselva sine sidebekker er i forslaget definert som «svært dårleg» økologisk tilstand, dette bør endrast til «moderat», som dei fleste andre, ut frå tilgjengeleg kunnskap.

For Ølsfjorden bør fristen for «god økologisk tilstand» setjast til 2027.

Kva får dei regionale planane å seia for kommunen?:

For realistisk å kunna gjennomføra dei aktuelle prioriteringane kommunen har lagt til grunn i dette dokumentet kan det bli behov for meir ressursar spesielt i eining for Kommunaltekniske tenester og eining Areal og forvaltning.

For eining Kommunaltekniske tenester kan planen gi auka utfordringar til offentleg kloakk med høgare reinsegrad, resipientundersøkingar, overvaking og oppfølging av private kloakkanlegg med meir.

For avdeling Areal og forvaltning vil oppfølging av landbruket med friviljuge tiltak og eventuelle sentrale/lokale pålegg kunna gi auka ressursbehov. Det kan også bli meir fokus på planarbeid.

Ein har i dag ikkje grunnlag for å kalkulere kva kostnader det her kan vera snakk om og det er usikkert kva finansiering som vil bli gitt frå overordna styresmakter i det vidare arbeidet med vassdirektivet.

Planane med mål og prioriteringar må leggjast til grunn ved revisjon av kommuneplanen og utarbeiding av reguleringsplanar. Med anna vil dette vera viktig ved lokalisering av bustad- og hyttefelt samt næringsområde i kommuneplanen, og krav til infrastruktur i reguleringsplanar.

Lokal forskrift om utslepp bør reviderast ut frå måla i dei regionale planane.

Oppsummering:

Den regionale planen for samordna vassforvaltning skal på sikt betra vasskvaliteten i dei fleste vassførekomstane i kommunen opp til «god» eller «svært god» kvalitet og med det gi innbyggjarane i kommunen ein betra livskvalitet.

Faktagrunnlaget for vurderingane av dei fleste vassførekomstane i kommunen er i dag usikker og betring av vurderingsgrunnlaget, meir faktaopplysningar, vil vera viktig i første planperiode.

For to vassførekomstar er det føreslått endring av miljøstatus og for tre endringar med utsett frist for å oppnå «god» tilstand.

Kommunen har i dag størst utfordringar, og med det fokus, knytt til Ølsfjorden med forureina sediment samt private og offentlege utslepp og Vatsvassdraget med forureining frå landbruk og kloakk/diffuse utslepp.

Generelt har kommunen utfordringar opp mot landbruksforureining samt kloakk og diffuse utslepp.

For å nå dei oppsette måla i tiltaksperioden, er det ei kostnadsside ein i dag ikkje har hatt faktagrunnlag for å kalkulere. Det må avklarast kven som skal dekkja desse ekstra kostnadane for kommunen.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kommune sluttar seg til dei regionale planane for vassforvaltning som er utarbeida for «Vannregion Rogaland» og «Vassregion Hordaland» med følgjande kommentarar og forslag til endringar:

Faktagrunnlaget for dei vurderingar som ligg i høyringa er usikker og må betrast i første planperiode. Det same gjeld for vurdering av eventuelle tiltak og kostnadsdekning til kommunen for å nå oppsette mål.

Vassførekomstar tilhøyrande «Haugaland vannområde»:

- Utsett frist frå 2021 til 2027 for å oppnå «god økologisk tilstand» for Vatsfjorden og Vatsvatnet.

Vassførekomstar tilhøyrande Sunnhordland vassområde:

- Økologisk tilstand for Oselva og Oselva sine sidebekker blir endra frå «svært dårleg» til «moderat».
- Utsett frist frå 2021 til 2027 for å oppnå «god økologisk tilstand» for Ølsfjorden.

Fokusområde for Vindafjord kommune vil i første planperioden vera som følgjer i prioritert rekkefølge:

- Ølsfjorden med forureina sediment og private og offentlege utslepp.
- Vatsvassdraget med forureining frå landbruk og kloakk/diffuse utslepp.
- Landbruksforureining i heile kommunen.
- Kloakk og diffuse utslepp i heile kommunen.

24.11.2014 UTVAL FOR DRIFT, UTVIKLING OG KULTUR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd (med 6 røyster).

Odd Steinar Kvinnesland (Ap) var ikkje til stades under avrøystinga.

DUK-074/14 TILRÅDING SAMRØYSTES (MED 6 RØYSTER):

Vindafjord kommune sluttar seg til dei regionale planane for vassforvaltning som er utarbeida for «Vannregion Rogaland» og «Vassregion Hordaland» med følgjande kommentarar og forslag til endringar:

Faktagrunnlaget for dei vurderingar som ligg i høyringa er usikker og må betrast i første planperiode. Det same gjeld for vurdering av eventuelle tiltak og kostnadsdekning til kommunen for å nå oppsette mål.

Vassførekomstar tilhøyrande «Haugaland vannområde»:

- Utsett frist frå 2021 til 2027 for å oppnå «god økologisk tilstand» for Vatsfjorden og Vatsvatnet.

Vassførekomstar tilhøyrande Sunnhordland vassområde:

- Økologisk tilstand for Oselva og Oselva sine sidebekker blir endra frå «svært dårleg» til «moderat».
- Utsett frist frå 2021 til 2027 for å oppnå «god økologisk tilstand» for Ølsfjorden.

Fokusområde for Vindafjord kommune vil i første planperioden vera som følgjer i prioritert rekkefølge:

- Ølsfjorden med forureina sediment og private og offentlege utslepp.
- Vatsvassdraget med forureining frå landbruk og kloakk/diffuse utslepp.
- Landbruksforureining i heile kommunen.
- Kloakk og diffuse utslepp i heile kommunen.

17.12.2014 KOMMUNESTYRET

DUK si tilråding vart samrøystes vedtatt.

KS-093/14 VEDTAK SAMRØYSTES:

Vindafjord kommune sluttar seg til dei regionale planane for vassforvaltning som er utarbeida for «Vannregion Rogaland» og «Vassregion Hordaland» med følgjande kommentarar og forslag til endringar:

Fakta grunnlaget for dei vurderingar som ligg i høyringa er usikker og må betrast i første planperiode. Det same gjeld for vurdering av eventuelle tiltak og kostnadsdekning til kommunen for å nå oppsette mål.

Vassførekomstar tilhøyrande «Haugaland vannområde»:

- Utsett frist frå 2021 til 2027 for å oppnå «god økologisk tilstand» for Vatsfjorden og Vatsvatnet.

Vassførekomstar tilhøyrande Sunnhordland vassområde:

- Økologisk tilstand for Oselva og Oselva sine sidebekker blir endra frå «svært dårleg» til «moderat».
- Utsett frist frå 2021 til 2027 for å oppnå «god økologisk tilstand» for Ølsfjorden.

Fokusområde for Vindafjord kommune vil i første planperioden vera som følgjer i prioritert rekkefølge:

- Ølsfjorden med forureina sediment og private og offentlege utslepp.
- Vatsvassdraget med forureining frå landbruk og kloakk/diffuse utslepp.
- Landbruksforureining i heile kommunen.
- Kloakk og diffuse utslepp i heile kommunen.